

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår referanse: 20030-B02_2
Bergen, 22.10.2020

**BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD.
ALVER. HÅØY FRIMRÅDE. GNR. 1 BNR. 10.
VATN- OG AVLUPSANLEGG.
SØKNAD OM RAMMELØYVE. SUPPLERANDE DOKUMENTASJON.**

Visar til Dykkar brev av 6. oktober 2020 med trong for tilleggskumentasjon i vår søknad om rammeløyve for nytt vatn- og avlaupsanlegg i Håøy friluftsområde (snr. 20/15532).

Supplerande dokumentasjon:

1. Nabovarsel til heimelshavar av gnr./bnr. 1/10 (Miljødirektoratet) er sendt. Miljødirektoratet har vidaresendt varselet til Vestland Fylkeskommune for evt. merknadar og innspel. Visar og til fullmakt gitt frå Miljødirektoratet til Bergen og Omland friluftsråd
2. Nytt nabovarsel, vedlagt dispensasjonssøknaden, er sendt.
3. Fare for flaum – terreng ved ny pumpestasjon er planlagt planert i kotehøgde +2,50 for å unngå framtidig konflikt med havstigning og stormflo. Støttemur i strandsona må dimensjonast for stormflo. Høgste nivå høgvatn med 200 års gjentakingsintervall er på kote +1,36 moh (Normalnull 2000). Anbefalt nivå fra DSB for 1000-års returnivå for stormflo (tryggingsklasse 3 – høgste nivå – i TEK 17) med klimapåslag er på kote +2,13 moh (NN2000).
4. Tiltak for anleggsarbeid i naturtype «Parklandskap» med B-verdi (viktig)
 - a. Grøft for røyrleidningar og kabel utførast som grunn, isolert grøft for å minimere terrenginngrep.
 - b. Graving av grøft i gangsti og fleirbruksflatar på nedre nivå av friområdet er ikkje tillat.
 - c. Anleggstrafikk på gangsti langs nedre fleirbruksflater/plen er ikkje tillat.
 - d. Trase på grøft skal tilpassast slik at sprenging blir unngått. Mindre pigging av berg blir tillat.
 - e. Vegetasjon/trær utanfor nødvendig anleggsområde skal ikkje skades.
 - f. Eksisterande støtte-/terrengmurer må ikkje skades.
 - g. Terrenginngrep skal avgrensast.
5. Tiltaket vil ikkje komme i konflikt med raudlista karplante (fraxinus excelsior VU - asketre) nordaust for Kommandantbustaden. Biologisk mangfald vil bli kontrollert mot artsdatabanken for endeleg trase for røyrleidningar

Forsvarsbygg har avhenda Håøya som verneverdig militærhistorisk landskap. Området er overført med bevaringsklausul til Direktoratet for naturforvaltning. Sjå <https://www.forsvarsbygg.no/no/verneplaner/landsverneplan-for-forsvaret/sor-og-vestlandet/verneverdige-etablissement-avhendet-i-lopet-av-forsvarets-----kulturminneprosjekt/haoya/>

Spørsmål til søknaden kan rettes til underteikna (tlf. 55 59 82 60/e-post thor-henrik@haugen-vva.no) eller BOF v/Dag Seter (tlf. 55 39 29 50).

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Nytt nabovarsel

Kvittering nytt nabovarsel

Kopi av brev og vedlegg:

Bergen om Omland Friluftsråd v/Dag Seter